

Styremøte i V.I.L

Klubbhuset 1.12.2014

Desse møtte: Einar Hoel, Anders Rem, Trond Håvoll, Inge Sunde, Ole Fuglem (t.o.m. sak 2) og Magne Eivind Glomnes.

Saker:

1. Orientering frå gruppene

Friidrett: Sesongen avslutta

Ski: Fokus på å skaffe ny trakkemaskin. Arbeid med programbladet er i gang. Skal selje julenek. Skal ha møte med andre klubbar i sona. 2 treningar i veka herav 1 med skiskyting, bra oppslutning

Fotball: Bingo 23 november ikkje så god oppslutning som tidlegare. Om lag kr 20.000 netto. Nokre lag deltek i futsal KM

2. Trakkemaskin

Trakkemaskinnemnda har gjennom skigruppa kome med framlegg om kjøp av ny trakkemaskin. Det er også laga plan for finansiering. Det er kalla inn til ekstraordinært årsmøte 4.12. for å behandle saka.

Vedtak:

Styret stadfestar innkalling til ekstraordinært årsmøte 4.12.

Framlegg til ekstraordinært årsmøte:

- a. Valldal IL sel si trakkemaskin, Prinoth Husky 2001 modell til Stod IL.
- b. Valldal IL kjøper ny trakkemaskin, Prinoth Husky, 2013 modell, demokøyrd. Pris kr 1.500.000 inkl mva.
- c. Finansiering av ny trakkemaskin:

| | |
|--|-------------------|
| Sal av gamal maskin | kr 450.000 |
| Bidrag frå Valldal IL, Valldal IL trim | kr 170.000 |
| Spelemidlar | kr 250.000 |
| Sparebanken Møre | kr 200.000 |
| Gjensidigestiftelsen | kr 200.000 |
| Gåver, sponsorar | kr 80.000 |
| Mva-kompensasjon | kr 50.000 |
| <u>Lån, nedbetaling maks 10 år</u> | <u>kr 100.000</u> |

Sum

kr 1.500.000

Det kan takast opp banklån på inntil kr 500.000 til midlertidig finansiering. Alternativt kan det lånast frå Valldal IL sin likviditet. Lån skal nedbetalast ved utbetaling av spelemidlar, utbetaling frå Gjensidigestiftelsen og mva-kompensasjon.

Dersom gåver/sponsorar og/eller mva-kompensasjon utgjær meir enn finansieringsplan viser , skal det gå til reduksjon av behovet for nedbetalingslån.

3. Lysløypa – klubbhuset

Etter at Arne Bjørn Aase sette opp stolpar ved sin tomt, vart det skrive til han med krav om at stolpane vart fjerna. Han har so svart og nektar å ta bort hinder for idrettslaget sin bruk av lysløypa over "brinken". Tvert om skriv han at det kan få konsekvensar for Valldal IL dersom vi fjernar stolpane han har sett opp. Som eit siste forsøk på ei minneleg løysing inviterar vi Aase til eit møte i Valldal laurdag 13. desember. Vi vil også be om å klargjere kva som vert meint med "konsekvensar".

Det står at noko arbeid med klubbhuset, dette gjeld flislegging av kontor og kiosk og ein del listing. Dette må vi prøve å få gjort før jul. Kenneth Hovden tek på seg arbeidet med flislegging og listing, og fotballgruppa tek ansvaret for å klargjere romma inkludert å ta bort golvbelegget.

4. Kaffimaskin

Sparebanken Møre har tilbudt idrettslaget å ta over brukt kaffimaskin. Dette er maskin som må koblast til vatn og straum og brukar ein spesiell type kaffe. Det vil krevje ein del oppfølging å ha slikt utstyr på klubbhuset og det kan vere vanskeleg å ha kontroll med bruken. Vi takkar difor nei til tilbodet.

5. Årsmøter 2015

Det vert planlagd følgjande årsmøte i 2015:

| | |
|------------|---------------------|
| Fotball | Måndag 23. februar |
| Friidrett | Tysdag 24. februar |
| Ski | Onsdag 25. februar |
| Trim | Torsdag 26. februar |
| Valldal IL | Onsdag 4. mars |

6. Fordeling etter Mefjellet opp/Olsok

Arrangementa gav eit netto overskot på om lag kr 110.000 i år. Dette vert fordelt med:

| | |
|------------------|-----------|
| Fotballgruppa | kr 20.000 |
| Skigruppa | kr 20.000 |
| Friidrettsgruppa | kr 7.500 |
| Trimgruppa | kr 7.500 |

Einar Hoel,ref